



Bottolv Helleland syner Ulvanoso som eit av dei storslagne fjella i Kvinnherad, eit samansett namn av ulv og lekamsdelen ei nase. Landskapet syner eit bratt framspringande fjell.

Professor emeritus Bottolv Helleland med slekt i Omvikdalen samla 100 tilhøyrarar på møte i Senioruniversitetet til ei lærerik førelesing om stadnamn i Kvinnherad. Mange av døma hans var kjende stadnamn i Uskedalen, som Eik, Fet, Døssland, Kjærland, Haugland, Musland, Myklebust, Skorpo og Rød. Framom alle er namnet Ulvanoso plassert i eit storslage landskap, synt på storkjerm i samfunnshuset i Rosendal.

Stadnamna er den beste dokumentasjonen vi har om eldre kulturminne. Namna fortel mykje om fortida, om landskapet og ikkje minst om lokale munnlege tradisjonar og stadbundne uttrykk. Stadnamn har alltid stor allmenn interesse, dette fordi dei fortel noko om kven vi er, om lokal saga og ikkje minst om samtida.



Uskedalen, samansett namn med dal og Uske. Uske kjem trulg av elvenamnet Oska, ei elv der det er så mykje fisk som ein berre kan ynskja seg.

Mange i salen minnest den store innsamlinga av stadnamn av Oskar og Ragnvald Guddal på 1970 talet. Samlinga er på over 32000 namn og er førebels arkivert på Nordisk institutt på UiB. Samlinga er ikkje digitalisert og dermed heller ikkje søkbar på nettet. Samlinga på over 32000 namn omfattar også registreringane som vart gjort i 1931/32 og 1946/47. Bottolv Helleland kjenner godt til dette arbeidet. Helleland kom inn på fjellnamna Manen og Ulvanoso. Det fyrste har tydinga frå manen på ein hest. Ulvanoso er samansett av dyrenamnet ulv og lekamsdelen ei nase, ei bratt framspringande høgde på eit fjell. Skorpo er eit vanleg øynamn. Namnet fortel noko om landskapet som har ei avrunda form.

Gardsnamnet Eik kjem av tresalget eik. Tydinga Fet er litt verre, men det kjem av ei fete, ei flate. På Hardangervidda snakkar ein om stølsfete, ei flate ved selet. Det samansette gardsnamnet Døssland kjem av dø/s/dys som fortel at her har der vore gravrøyser. Myklebust er kjend som den store buplassen.

Audun Eik spurde om kva ein kunne gjera for å retta feil på karta frå Kartverket. Han nemnde Børsdalen som på kartet er skrive Bergsdalen. Helleland sa ikkje at dette var direkte feil, men her burde ein halda seg til den munnlege tradisjonen og retta kartet til Børsdalen. I framlegg til revidering av skrivereglar av stadnamn, ei sak som er ute på høyring, vert det høve til å retta slike feil og la den lokale munnelege seiemåten vera avgjerande for val av skrivemåte.

I pausen snakka Uskedalen.no med professor Helleland om skrivemåten Uskedalen - Uskedal, i bunden eller ubunden form. Det opphavelige her er Uskedalen i bunden form. Kanselispråk og seinare namnebruk på dampskipskaien og postplassen har truleg ført til bruken Uskedal. Det er noko som har kome til dei siste 150 åra.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Leiv Guddal som nyleg er tildelt Kulturprisen 2017, i samtale med professoren. Leiv Guddal er son til Ragnvald Guddal, han som saman med Oskar Guddal, stod for det store innsamlingsarbeidet av stadnamn i Kvinnherad på 1970 talet.